▼ ANNONSE

# Sjarmert av Nordfjordeid

*Kunstnaren som i dag opna separatutstilling i Gamlebanken er svært begeistra over Nordfjordeid.*



Karianne Gruer Torp inne i utstillingslokalet i Gamlebanken. FOTO: YNGVE TOLAAS

NYHENDE

PUBLISERT:
04 JUNI 2016 13:36

SIST OPPDATERT:
04 JUNI 2016 13:36

ARTIKKELEN ER MER ENN FIRE ÅR GAMMEL

Yngve Tolaas
909 65 389
yngve.tolaas@fjordabladet.no

▼ ANNONSE

– For ein fantastisk stad, seier Karianne Gruer Torp frå Jevnaker, rett før separatutstillinga i Gamlebanken opna i dag.

Ho var veldig fornøgd med rammene rundt opninga, der Stårheim songlag varta opp med musikalske innslag.

– Eg har aldri hatt opning av ei utstilling med kor tidlegare, så det er jo stor stas, seier Gruer Torp.

**Tåke og lysbrytingar**

Ho har tatt turen til Nordfjordeid med mann og to søner, og si beste venninne.

– Dette er min andre tur til Nordfjordeid, og eg skulle gjerne gått i fjella. Naturen er spektakulær, seier Gruer Torp.

Ho har jobba i seks år med kunsten på full tid, men har måla og teikna heile livet.

*Saka held fram etter annonsen*

▼ ANNONSE

– Eg er glad i vêr. Tåke og lysbrytingar, opne landskap og fjell. Eg målar mykje frå fjordlandskap, mest frå Steinsfjorden og Tyrifjorden, fortel Gruer Torp.

**Fjell og natur**

Ho kjem til Nordfjordeid og Gamlebanken med ei separatutstilling på 25 bilete.

– Sidan eg skal til Vestlandet er det mest fjell på dei bileta som eg skal stille ut i Gamlebanken, sa Gruer Torp til Fjordabladet tidlegare denne veka.

Ho har tidlegare hatt mange utstillingar både på Austlandet og i Nord-Noreg, men dette er første gong på Vestlandet.

– Då eg var oppover med bileta mine vart eg imponert over naturen og fjella i området. Så kanskje det blir fjell frå Vestlandet også i bilda mine framover, sa kunstmålaren til Fjordabladet før utstillinga.

Fjordabladet ønsker en åpen og saklig debatt. Alle innlegg blir kontrollert etter publisering. Vi forbeholder oss retten til å forkorte, redigere og fjerne innlegg.

0 kommentarer

Sorter etter Eldste

GIKK DU GLIPP AV DISSE?


Okla vindkraftverk


Rettsaka mellom vestlandsoppdrettarane og staten byrjar 8. februar


– Valår og pandemi er perfekt vekstgrunn for framandhat


Bil har hamna utfor vegen


Studie: Vaksinasjon av eldre først reddar flest liv


Rekordmange fødde i Stad: Linnea vart nr 100

NYHENDE


Den internasjonale Holocaustdagen


– Valår og pandemi er perfekt vekstgrunn for framandhat


Rettsaka mellom vestlandsoppdrettarane og staten byrjar 8. februar

▼ ANNONSE



Fjordabladet arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk. Se også Redaktøransvar. Fjordabladet har ikke ansvar for innhold på eksterne nettsider som det lenkes til. Alt innhold er opphavsrettslig beskyttet 2021 © Fjordabladet. Powered by Escenic.

Informasjon om bruk av «cookies» og personvernpolicy.

REDAKTØRANSVAR